

Radøy Kommune

Radøyvegen 1690

5936 MANGER

Bøvågen 30 nov. 2018

Søhøyen Vannlag SA

Org.nr: 921109075

5937 Bøvågen

SØKNAD OM FRAMFØRING AV KOMMUNAL VATN OG AVLUPSLEDNING.

Søker med dette om å få dekka utgifter til framføring av vann og avlaupsledning frå kommunalt anlegg og til fordelingspunkt m/kum,kranar og brannhydrant på gnr 25 brnr. 10, ved gnr.25 brnr.37.

BAKGRUNN

Grunneigarane på Haugland sør/aust har i alle år hatt utfordringar med drikkevatn og avløp. Drikkevatn kjem frå brønnar med svært dårlig kvalitet, er farga og luktar ille. Dette medføre at vatnet kun vert brukt til vask og liknande. Drikkevatnet vert henta for det meste i kran andre stader. Avlaupet frå dei fleste går via ein tank og ut i gamle spreiegrøfter. Ein er klar over at dette må takast tak i, noko som for den enkelte vil medføra store utgifter.

DISKUSJON

Det er no 7 grunneigarar(10 partar) som har danna eit vannlag for å retta på desse høva. Vannlaget har danna eige styre, vedtekter, konto og er registrert i Brønnøysundregisteret. Det er/vert sett av midlar og når formalitetane er på plass vert tiltak sett i verk. Noko av arbeidet er utført og det er i dag mogeleg å kopla seg på i grensa mellom bruk 13 og 16. Så vert det å grava ei ca. 220 m grøft over bruk 16 og 10 og etablira kum m/brannhydrant og påkoplingspunkt(bruk 10) for den einskilde gr.eigar. Viare må den enkelte, eller i saman, planleggja, grava, kosta og leggja leidningar til det einskilde bruk. Grunna høgdeforskjell må den enkelt gr.eigar setje ned pumpe i avlaupet. Ansvar og vedlikehald av denne delen vil verta teke hand om av den enkelte gr.eigar/vannlaget. Det vil og verta mogeleg for fleire å kopla seg på seinare då leidningane vert dimensjonerte(110mm) for dette. Alt arbeid vil verta utført etter kommunen sine føresegner. Grunneigarane er innstilt på å få ordna forhold for seg og seinare generasjonar, ta kostnader og utføra dugnadsarbeid i samarbeid med entrepenørar. Det er i dag 7 partar som vil kopla seg på den kommunale vann/avlaupsledninga. 3 partar er tenkt utbygd ved seinare høve. Vannlaget har vert i kontakt med 4 andre grunneigarar som ville være med, men grunna utgiftene til ei slik utbygging kunne dei ikkje det. Med dei førespeglar utgiftene som er lagt til grunn er ein noko bekymra for at utbyggjinga vil ta noko tid å få på plass.

KOSTNAD

Byggetrinn 1 utført	kr. 196 000,-
Byggetrinn 2 utført	kr. 35 000,-
Byggetrinn 3 ikkje utført	kr. 278 769,-(påkopling-grøft-leidningar-kum)
Byggetrinn 4 ikkje utf.(frå kum-gr.eigar,10stk)	kr. 980 000,-(m/pumper,graving/sprenging/leidning)
Innskudd er kr 52 000,- pr part, totalt 520 000,- og er tenkt brukt på trinn 1, 2 og 3.	

KONKLUSJON


For å få betre vannkvalitet, tilgang til godkjent drikkevatn, hindra utslepp, auka brannberedskapen og betra miljøet ber vi med dette at kommunen vil koma oss i møte med midler for byggetrinn 1, 2 og 3. Samt å overta og drifta denne delen når ferdig utbygd.

Innskotet frå den enkelte vil då verta tilbakeført slik at den kan brukast på eigen del av tiltaket. Dette vil bidra til at ein kan koma i gang og kopla seg på innan rimelig tid.

Ser fram til eit positivt svar.

På forhånd takk.

Med helsing


Oddmund Solbakken

Formann Søhøyen Vannlag SA

Tlf. 906 12 355


Arne Haugland

Kasserar Søhøyen Vannlag SA

Tlf. 941 77 094

Vedlegg:

-Tilbod/kostnadoversig

-Stiftelsesdokument Søhøyen Vannlag SA

-Vedtekter

-Kart m/foreslått trasee,

-Raud trasee – ferdig

-Blå trasee- omsøkt

-Grøn trasee- den enkelte gr.eigar/samarbeid